



5. juni 2025

Til alle beitelaga i Vestland fylke

Organisert beitebruk – informasjonsbrev våren 2025

Sommaren og beitesesongen er i gang, og vi gler oss over at det har blitt skipa fleire nye beitelag i fylket. I Vestland er det om lag 210 beitelag som nyttar store delar av fylket til matproduksjon gjennom beitesesongen. Det er ei aktiv næring, med mykje godt samarbeid og stor aktivitet! I dette brevet finn de informasjon som kan vere nyttig for dykk som driv med organisert beitebruk.

Tilsynsliste/rapport skjema

Det er krav om tilsyn i beiteområdet minimum ein gong per veke. De kan nytte vedlagte skjema for å få inn opplysningar om beitesesongen. Leiar i laget skal rapportere inn ei samla oversikt i søknaden om driftstilskot. Søknadsfrist er 15. november. Be gjerne medlemmane i laget om å fylle ut skjemaet og sende det til leiar før de søker om driftsmidlar i haust.

Det er berre tal tapte dyr på utmarksbeite som skal inn i statistikken for organisert beitebruk. Tap inne og på vår- og haustbeite skal ikkje takast med. For at vi skal lukkast best mogeleg med tapsførebyggjande arbeid, er det viktig at kvar dyreeigar melder inn både sikre og trulege tapsårsaker for buskapen sin.

Viktig rapportering av aktivitet i beitelaget

Både nasjonalt og i Vestland er vi avhengige av aktive beitelag for å få oversyn over tap av dyr og andre tilhøve kring beitebruk. Det er derfor viktig at de rapporterer inn tal til oss når de søker driftstilskot. Det de skriv i den korte årsrapporten i søknaden vert samla og lagt ut på nettsida vår og sendt til Sau og Geit sine fylkeslag, slik at dei kan ta det inn i årsmeldingane sine. Det kan gje oss litt fleire opplysningar enn berre tal.

For å ha rett til driftstilskot til beitelaget gjennom organisert beitebruk må de opplyse om dato for årsmøte, økonomi i laget per 1. november og skrive ein kort årsrapport. Det er krav om å ha arrangert årsmøte i søknadsåret. Målet med midlane er å sikre fellestiltak knytt til utmarksbeite, og det er viktig at de faktisk møter kvarandre og diskuterer beitesesongen og eventuelt bruk av midlar i laget. Med «søknadsåret» meiner vi tida frå førre søknad om driftstilskot til neste søknad om driftstilskot, altså tida mellom 15. november føregåande år til 14. november i år.

Når vi sender ut brev til beitelaga nyttar vi e-postadressa som vart brukt ved søknad om drift av beitelag i førre søknadsomgang. Hugs å oppdatere oss og Brønnøysundregisteret når det er endringar.

Plakatar om bandtvang

I fjor sendte vi ut plakatar om bandtvang. Vi har høyrte at dei har gitt gode resultat, så vi håpar de vil henge dei opp denne sesongen også. Plakatane vart laga i samarbeid med politiet, og det er politiet som «eig» dei. Vi har fått nokre tilleggsopplysningar om korleis vi kan bruke dei:

- **Plakatane skal henge i område der det er bandtvang når det er bandtvang**

Det gir betre effekt når plakaten ikkje er der heile året og folk «ser seg blind» på den. Det er også viktig at informasjon frå politiet ikkje ender som søppel i naturen.

- **Plakatane skal hengast opp etter avtale med oss hos Statsforvaltaren**

Det betyr at de kan henge dei opp der de vil i beiteområdet dykkar, men dei skal ikkje delast fritt med alle, til dømes ut av fylket.

- **Det er ikkje høve til å skrive eigne datoar eller andre ting på plakaten**

Vi held på med ein plakatmal der de kan opplyse om eventuell utvida bandtvang i kommunen.

Denne kan henge ved sidan av plakaten frå politiet om de ønskjer det.

Vi har sendt ein pdf-versjon til leiaren i beitelaget, og de må skrive ut og laminere plakatan sjølve. I nokre kommunar kan landbrukskontoret hjelpe til med dette.

Hundeangrep på beitedyr er eit problem som har auka dei siste åra. Som følge av dette er 'Hund' ein av tapsårsakane de kan krysse av på i rapportskjemaet som ligg ved. Det er viktig å melde inn hundeskade på småfe, det kan du gjere her: [Hund som skader småfe - Norsk Sau og Geit](#)

Freda rovvilt status

Det er ingen dokumenterte meldingar om ulv eller bjørn så langt. Gaupe er dokumentert i Årdal og Luster etter beitesesongen 2024, og det er dokumentert yngling i dette området i vinter/vår. For jerv er situasjonen så langt i vinter at det er mange observasjonar i hovudsakleg Luster og Årdal kommune, men og i Stryn og Sunnfjord kommune. I tillegg er det ein enkeltobservasjon i Gulen kommune 6. mai. Det andre området med aktivitet av jerv er sør i Vestland, Ullensvang kommune og tilgrensande område i Rogaland og Agder.

Statens naturoppsyn tok ut ein hannjerv i Suldal i januar. Skade av kongeørn opptre typisk heilt i starten av beitesesongen på både innmark- og utmarksbeite, og i 2024 vart det dokumentert 9 skadar frå kongeørn spreidd over store delar av fylket.

Ved mistanke om tap grunna freda rovvilt

For ei best mogleg forvaltning av freda rovvilt er det viktig at de melder frå dersom de ser eller finn spor etter freda rovvilt. Meld frå til SNO og/eller legg observasjonane inn i [Skandobs](#) så snart som mogleg. Skandobs er eit felles skandinavisk rapporteringssystem for store rovdyr der det er mogleg for alle å registrere observasjonar av spor og dyr. Observasjonane vert tilgjengeleg for alle og vert også meldt vidare til Statens naturoppsyn (SNO).

Dersom det er mistanke om tap av dyr grunna freda rovvilt er det viktig med dokumentasjon, både for å få sett i verk tiltak og for å kunna sikre erstatning ved tap. Ved funn av kadaver der freda rovvilt kan vere skadegjerar, er det eit krav om at SNO blir varsla dersom ein skal krevje erstatning.

Hugseliste ved funn av kadaver:

- La kadaveret liggje mest mogeleg urørt
- Ta bilete av kadaveret
- Dekk til kadaveret med plast, stein, buskar eller liknande slik at åtseletarar ikkje kjem til
- Merk funnstaden så han er lett å finna att, bruk eventuelt GPS
- Meld i frå til SNO så snart som mogleg

- Ha dette med deg i sekken: mobil/fotoapparat, søppelsekk til tildekking av kadaver, kniv og lange eingongshanskar

Rovviltkontaktane i Vestland:

Luster: Rune Fuglesteg, [476 41 915](tel:47641915)
 Bjørnafjorden : Hartvig Haugen, [970 13 594](tel:97013594)
 Sunnfjord: Finn Olav Myhren, [468 98 112](tel:46898112)
 Sunnfjord: Sverre Sæten, [404 48 216](tel:40448216)
 Voss: Ingmar Slettemark, [957 09271](tel:95709271)
 Aurland: Håkon Øydvinn, [995 67 650](tel:99567650)

Regionalt fagansvar rovviltdokumentasjon: Rein Arne Golf, tlf. 480 94 364

Vi vil oppmode om at de formidlar namn og telefonnummer til rovviltkontakten dykkar og ovannemnde råd kring tap grunna freda rovdyr til medlemane i beitelaget dykkar.

Forvaltningsansvaret for freda rovvilt i region 1 ligg til rovviltnemnda. Leiar for nemnda er Noralv Distad frå Aurland, tlf. 913 74 976. I tillegg er Trude Brosvik frå Gulen og Kine Dale frå Bergen med i nemnda.

Skadefellingsløyve

Skadefelling er eit verkemiddel i akutte skadesituasjonar. Miljøavdelinga hjå Statsforvaltaren gir fellingsløyve innanfor kvotar som er fastsett av rovviltnemnda i regionen. Vedtak om skadefelling er frikopla frå grunneigarretten. Dersom SNO dokumenterer tap grunna freda rovvilt ved kadaverfunn, kan de søkje Statsforvaltaren om skadefellingsløyve. Kontaktperson er Hermund Mjelstad, hermund.mjelstad@statsforvalteren.no, tlf. 481 43 095. I ferietida om sommaren (juli – august) blir det lagt ut kven som er ansvarleg kontaktperson på [heimesa.no](https://www.heimesa.no) til Statsforvaltaren. Tidlegare Sogn og Fjordane har tre regionale skadefellingslag som blir administrert av Luster kommune. I tidlegare Hordaland har Hordaland Jeger- og Fiskerforbund ei tilsvarande rolle. Skadefellingslag for områda i sør er no lagt til Kvinnherad kommune.

Beitelag eller kommune kan søke om skadefellingsløyve. Søknaden bør innehalde:

- Kven som søker og for kva område
- Kartfesta informasjon om kadaver: tal kadaver totalt, tal undersøkt av SNO, sakna dyr
- Tidsrom for tap eller skade
- Tal dyreeigarar og tal dyr på beite i området

Vi oppmodar om at beitelaget tek kontakt med kommunen for hjelp i ein skadesituasjon.

Lukke til med arbeidet ute i laga og med beitesesongen 2025!

Med venleg helsing

Maria Makloufi Skjold

seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 20 09

E-post: maria.makloufi.skjold@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl

Silje Anette Lyhammer

seniorrådgjevar



Statsforvaltaren i Vestland

Telefon: 55 57 21 51

E-post: silje.lyhammer@statsforvalteren.no

Web: www.statsforvaltaren.no/vl